

PLANSTRATEGI FOR GULEN KOMMUNE

2016- 2019

Godkjent 20.10.16 i K-sak 79/16

1.	Innleiing.....	3
a)	<i>Lovgrunnlag.</i>	3
b)	<i>Prosess</i>	3
2.	Gulen kommune sitt plansystem	4
3.	Status og vurdering av gjeldande planar	5
a)	<i>Vurdering av kommuneplanen sin samfunnsdel</i>	5
b)	<i>Vurdering av kommuneplanen sin arealdel</i>	5
c)	<i>Vurdering av kommunedelplanar - tema</i>	5
d)	<i>Vurdering av sektor-/hovudplanane</i>	6
e)	<i>Vurdering av interkommunale planar</i>	6
4.	Utviklingstrekk og utfordringar.....	6
5.	Nye overordna føringar.	7
a)	<i>Nasjonalt nivå.</i>	7
b)	<i>Nye regionale føringar og planar</i>	8
c)	<i>Interkommunalt samarbeid</i>	8
6.	Prioritering av planarbeid i perioden 2016 – 2019.....	8
a)	<i>Kommuneplanen sin samfunnsdel</i>	8
b)	<i>Kommuneplanen sin arealdel</i>	8
c)	<i>Temaplanar/sektorplanar</i>	8
d)	<i>Interkommunale-/fylkesdelsplanar</i>	9
7.	Tidsplan – revisjon og/eller utarbeiding av nye planar i perioden	9

1. Innleiing

a) Lovgrunnlag.

Utarbeiding av planstrategi er heimla i Plan- og bygningslova § 10-1 pkt 1:

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Planstrategien skal vere eit verktøy for politisk prioritering av oppgåver dei folkevalde vil arbeide med i løpet av perioden. Strategien er eit dokument som skal gi eit oversyn over kva planar som skal utarbeidast, og kva prioriteringar administrasjonen skal legge til grunn for sine saksutgreiingar.

Planstrategien er retningsgivande for arbeidet i perioden, men er ikkje juridisk bindande.

§ 10-1 pkt 2 gir retningslinjer for korleis planstrategien skal utarbeidast.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

§ 10-1 pkt 3 fastset at planstrategien skal vurdere behov for revisjon av kommuneplanen. Elles står kommunestyret fritt i spørsmål om andre planar skal utarbeidast, endrast, slettast, erstattast osv.

b) Prosess

Intern handsaming.

Formannskapet er styringsgruppe for arbeid med planstrategien. Arbeidsnotat har lagt fram til drøfting med formannskapet på 3 møter, og som sak på 2 møter.

Kommunestyret har hatt gruppearbeid om behov for revisjon av kommuneplanen.

Samarbeid med andre kommunar/regionane

Interkommale planbehov vert jamnleg drøfta i ulike samarbeidsfora, som rådmannsutval, kommunalsjef-utval og regionråd. Tema med interesse for større område er teke opp i planforum.

Offentleg høyring


Fylkeskommunen, kommunane i HAFS + Høyanger og i Nordhordland vil få planstrategien til høyring i perioden 02. sep – 03.okt. 2016. I same tidsrom vil planstrategien ligge ute til offentlig høyring.

Vedtak

Formannskapet gir endeleg tilråding på møte den 07.okt, med vedtak i kommunestyret den 20. oktober 2016.

2. Gulen kommune sitt plansystem

Pr. 01.01.16 har vi følgjande vedtekne planar for kommunal tenesteproduksjon/forvaltning:



I tillegg har vi planar for kommunen som organisasjon (interne planar). Eksempel:

- Plan for kompetanseheving
- Lønspolitisk plan
- Arkivplan

3. Status og vurdering av gjeldande planar

a) Vurdering av kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen vart sist revidert i 2014. Punkt om folkehelse og klima vart innarbeidd.

Kommunestyret evaluerte samfunnsdelen på arbeidsmøte den 28. april 2016. Hovudinstrykket er at det er stor politisk semje om at innhaldet i samfunnsdelen framleis er aktuelt og viktig for utviklinga i kommunen. Det er semje om at fokusområde og målsetjingar skal vidareførast.

b) Vurdering av kommuneplanen sin arealdel

Arealplanen vart sist revidert i 2014. Alle delplanane er no innarbeida i overordna plan. Den er også oppdatert i høve siste retningsliner i høve ulike omsynssoner.

Arealplanen og dei fleste område- og detaljplanar er digitalisert, og lagt inn i planregister. Vi har såleis eit godt grunnlag for ajourhald.

Det kjem ofte innspel og spørsmål om dispensasjon og endring av arealplanføremål. I mange høve er dette eit positivt teikn på utvikling, men det må vurderast ein grensegang mellom å gi dispensasjon og behov for større prosess med revisjon av planen. Slik stoda er no, vil det truleg vere behov for revisjon i kvar 4-årsperiode. Er ført opp med oppstart/planprogram i 2017, fullføring i 2018.

c) Vurdering av kommunedelplanar - tema

- Hyttebygging. Temaplanen har til no fungert greitt som retningsgivane i utbyggjingssaker. I førre periode vart det gjennomført strandsoneanalyse for store delar av strandlina. Det bør vurderast om plan for hyttebygging skal reviderast ut frå ny kunnskap og ny arealplan. Er ikkje tidfesta, men kan eventuelt gjerast samstundes med revisjon av arealplan i 2018.
- Idretts- og friluftsliv. 4-årig revisjon i 2017, årleg rullering. Planen må vere oppdatert for at lokale lag og organisasjonar skal kunne søkje om tilskot frå tippemidlane.
- Ruspolitisk plan. Krav om 4-årig revisjon. Planen må vere oppdatert for at kommunen skal tildele sals- og skjenkeløyve for alkoholhaldig drikkevarer. Planen vert revidert i 2016 etter ny alkohol-lov.
- Utviklingsplan for Gulatinget er utgått, og er frå 2016 erstatta av eit strategidokument. Samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Beredskapsplan. Krav om årleg rullering, og 4-årig revisjon av ROS-analyse i 2019.
- Klima og energiplan. Krav om 4-årig revisjon. Siste revisjon er frå 2011, gjeldande til 2015. Bør reviderast i perioden. Er ført opp i 2019
- Trafikktryggingssplan. 4-årig revisjon i 2018, og årleg rullering. Planen må vere oppdatert for at kommunen skal få trafikktryggingssmidlar.
- Plan for viltforvaltning vert rullert ved behov. Er ikkje tidfesta i perioden.

Innmelde behov for nye tema-planar:

- Kulturminne-plan. Er starta opp – ferdigstillast i 2017
- Bustadpolitisk plan/bustadsosial handlingsplan. Vert føreslått gjennomført i 2017
- Landbruk. Var også med i førre planstrategi, men vart ikkje gjennomført. Vert sett opp att til gjennomføring i 2019.

d) Vurdering av sektor-/hovudplanane

- Strategiplan for omsorg vert revidert 2016. 4-årig revisjon – årleg rullering
- Kvalitetsplan for oppvekst vert revidert i 2017. 4-årig revisjon – årleg rullering
- Plan for kommunale bustader til brukarar med særlege behov vert innarbeidd i ny omsorgsplan.
- Plan for arbeid med flyktningar og innvandrarar. Vart revidert i 2015, revisjon og rullering etter behov. Ikkje tidfesta i perioden.
- Hovudplan for avlaup er ikkje revidert sidan 2000. Mange av dei planlagde tiltaka er ikkje gjennomført, nokre er teke inn i gjeldande økonomiplan

Innmelde behov for nye sektor-/hovudplanar:

- Hovudplan for vassforsyning og avlaup. Desse var oppført i førre planstrategi, men vart ikkje gjennomførte. Vert sett oppatt til gjennomføring i 2017 og 2018.
- Eigarskapsstrategi. Bør utarbeidast overordna strategiar og prinsipp i perioden for selskap og samarbeid der kommunen er medeigar/deltakar. Er sett opp i 2016.

e) Vurdering av interkommunale planar

Dei interkommunale planane vert vurdert og vedtekne i dei ulike samarbeidsfora. Fensfjordplanen sin arealdel må vedtakast av kommunen og innarbeidast i arealplanen for å vere juridisk bindande.

Innmelde behov for nye interkommunale planar:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune har initiert ny strategisk plan for kysten.

4. Utviklingstrekk og utfordringar.

Basert på faktaopplysningar, statistikk og prognosar, nasjonale og regionale føringar og egne erfaringar i kommunen.

- *Folketalsutvikling/demografi.* Prognosar frå SSB tyder på ein auke i folketal fram til 2030. Tal eldre over 75 år vil auke frå 2020. Vi får fleire barn i barnehagealder, og færre i skulealder dei næraste åra. Frå 2025 vil det vere omvendt. Utfordringa er å få til fleksible løysingar, som kan nyttast til ulike tilbod etter som behovet endrar seg. Innvandring ser ut til å auke vidare, og omfatte stadig nye grupper. Vi treng gode strategiar for å inkludere og integrere dei nye innbyggjarane
- *Arealplanlegging.* Kommunen har synt seg å vere attraktiv for arealkrevande bedrifter, både på land og i sjø. Vi har også attraktive areal for hyttebygging og

friluftsliv, og vi har eit rikt biologisk mangfald, mellom anna ulike raudlista artar. Kommunen har ansvar for/mynde til å planlegge bruk av arealet til ulike føremål, og utfordringa er å balansere mellom omsyn til natur, klimaverknader, og omsyn til behov og ynskje frå ulike utbyggjarar og interessegrupper. Arealplanen må vere mest mogeleg oppdatert til ei kvar tid.

- *Variasjon i arbeidsplassar.* Vi har større del av arbeidsplassar i primær- og sekundærnæringar enn landet/fylket. Ut frå natur-, kultur- og geografiske føresetnader, er det er industribedriftene som framleis har størst utviklingspotensiale. Utfordringa er at slike arbeidsplassar er mindre attraktive for ungdommane våre. Det er få som tek utdanning som siktar inn mot industriarbeidsplassar. Vi må arbeide både for meir varierte arbeidsplassar, og for at unge skal få interesse for den typen arbeidsplassar vi har.
- *Robuste bygdesenter.* Gulen er ein av dei mest spreiddbygde kommunane i landet. Samfunnstrenden har lenge synt utflytting frå spreidde busetnader, og det er lite som tyder på at dette vil snu med det første. Utfordringa vår vert om vi skal ta konsekvensen av dette, og konsentrere den kommunale innsatsen, eller satse på at vi har krefter nok til å motverke trenden, og skal tilby for eksempel bustadtomter og tenestetilbod like spreidd som i dag.
- *Kvalitet på det kommunale tenestetilbodet.* Det viktigaste for å oppretthalde kvaliteten, er at vi greier å rekruttere kvalifisert personale, og at vi organiserer tenestene slik at oppgåvene kan løysast med dei inntektene kommunen kan forvente å få. Vi må kunne omstille verksemda etter endringar i brukargruppene, både i tal og i behov. Dette krev fokus både på bemanning, organisering, teknologi og bygningar.
- *Folkehelse.* Lov om folkehelse gir alle sektorar i kommunen oppgåver og ansvar innan helsefremjande og førebyggjande folkehelse-arbeid. Konsekvensar for folkehelsa må vere eit vurderingstema i alt planarbeid. Utfordringa vår er å samordne dei tilboda vil alt har, og ikkje minst å få til samarbeid med lag, organisasjonar og andre frivillige. Oppgåvene innan folkehelsearbeidet kan ikkje løysast med kommunalt tilsette/kommunale midlar åleine.
- *Klima- og miljø.* Klimaendringar kan utløyse meir ekstremvær, med ras og flaum som følgjeverknad. Kommunen har plikt til å både førebygge og handtere ulike hendingar som dette kan føre med seg, og å ta omsyn ved vurdering av ulike tiltak.

5. Nye overordna føringar.

a) Nasjonalt nivå.

Regjeringa utarbeider kva forventningar dei nasjonale styresmaktene har til kommunal planlegging. Gjeldande dokument inneheld tre overordna tema:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsplanlegging
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstodområde

Dei overordna tema vil synleggjerast gjennom lov og forskrift, rundskriv og retningslinjer.

b) Nye regionale føringar og planar

Fylkeskommunen skal utarbeide planstrategi for sitt arbeid, parallelt med kommunane. Det er krav i PBL om at fylkeskommunen samhandlar med kommunane om sin planstrategi. Sogn og Fjordane fylkeskommune har bedt kommunen om innspel til ny planstrategi.

I arbeidet har ein kome fram til fem overordna utfordringar, som vil styre kva planarbeid som vert sett i gang:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og integrering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringar og behov for klimaomstilling

c) Interkommunalt samarbeid

Vi samarbeider med kommunar i 2 regionar, HAFS og Nordhordland. Samarbeidet i Nordhordland omfattar også medeigarskap i Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Samarbeidet er elles forankra i avtalar innafor ei rekkje tenesteområde. Vi har ikkje utarbeidd ein samla strategi for samarbeid/medeigarskap.

6. Prioritering av planarbeid i perioden 2016 – 2019.

a) Kommuneplanen sin samfunnsdel

Det vert ikkje sett i gang større revisjon av samfunnsplanen. Det bør prioriterast å få planen implementert i alt anna planarbeid.

Strategiane må gåast gjennom og prioriterast. Nokre er ikkje lenger aktuelle og må fjernast, andre må endrast. Dette arbeidet bør gjerast saman med utarbeiding av handlingsplanen, som er grunnlag for økonomiplan.

b) Kommuneplanen sin arealdel

Arealdelen er nyleg revidert, men er likevel under stadig press for endring. Det bør gjerast ein revisjon i kvar kommunestyre-periode. Det er behov for å fokusere på arealbruken i bygdesentera våre og plassering av nye næringsareal, dersom vi skal nå måla i samfunnsdelen. Strandsoneanalysane er viktig grunnlagsdokument.

c) Temaplanar/ sektorplanar

Der det er krav om 4-årig rullering, må dette gjerast. Like eins der slik oppdatering er medverkande til om vi får eksterne tilskot og anna støtte.

Gode kommunale tenester er viktige mål i kommuneplanen. Det er såleis viktig å setje fokus på ulike tenesteområde, slik vi gjer i ein plan – både i utarbeidingsprosessen og i gjennomføringstida. Hovudplan for avlaup er ikkje ajourført sidan år 2000 og vi har ikkje ein hovudplan for vassforsyning. Begge desse områda er viktige, ikkje minst sett frå miljø- og folkehelseperspektiv. Nye forskrifter har gitt kommunen meir ansvar. Fleire private vassverk ynskjer

kommunal overtaking. Alt dette gjer behovet for ein overordna kommunal plan større enn før.

Nokre nye planar er viktige for å få samanheng mellom fokusområda i samfunnsdelen. Dette gjeld framlegg om bustadpolitisk plan, eigarskapsstrategi

d) Interkommunale-/fylkesdelsplanar

Kommunen har forplikta seg til å setje av ressursar i 2017 til utarbeiding av strategiplan for kysten i Sogn og Fjordane.

7. Tidsplan – revisjon og/eller utarbeiding av nye planar i perioden

		2016	2017	2018	2019
Kommuneplan					
	Revisjon arealdel		X	X	
Sektorplanar					
	Strategiplan omsorg	X			
	Kvalitetsplan oppvekst		X		
	Hovudplan for vassforsyning		X	X	
	Hovudplan for avlaup			X	
	Flyktning/innvandring				
Temaplanar					
	Kulturminneplan	X	X		
	Ruspolitisk handlingsplan	X			
	Temaplan for landbruk				X
	Idretts- og friluftslivsplan		X		
	Klima- og energiplan				X
	Overordna ROS				X
	Viltforvaltning				
Nye temaplanar					
	Eigarskapsstrategi	X			
	Bustadpolitisk plan		X		
Planar som utgår eller vert innarbeidd i andre					
	Brukarar med spesielle behov	Innarbeidast i omsorgsplanen og bustadpolitisk plan			
	Hyttebyggjing	Innarbeidast i arealplan			
Interkommunale-/fylkesdelplanar					
	Avfallsplan (NGIR)				
	Beredskap ureining (IUA)				
	Strategiplan NUI IKS				
	Fensfjordplanen				
	Strategiplan for kysten		X		